

Fra: Hans Kenneth Sundsbø <sundsbo.fpk@gmail.com>
Sendt: 9. juni 2017 21:50
Til: postmottak@lindas.kommune.no
Kopi: Høgne Haugsdal; ole morten seljestad
Emne: Trafikksikringstiltak frå Alvermarka Velforening, Behov for to fartsdumpar i Rishaugane, Alvermarka

Til Lindås kommune

Etablering av to fartsdumpar i vegen Rishaugane i Alvermarka

Alvermarka velforening hadde styremøte onsdag den 7. juni 2017. Der vart det bestemt at me skulle be om hjelp av Lindås kommune til å få på plass to fartsdumpar i Rishaugane, dette er ein veg sør i Alvermarka med to rette strekningar der ein del bilistar kører alt for fort. Her er det ikkje veglys idag. Det er heller ikkje fortau langs denne vegen.

Mange folk går på denne kommunale vegen då den og er ein viktig snarveg for gåande som kjem frå andre stadar i bustadfeltet vårt.

Alvermarka velforening vil at Lindås kommune får på plass og etablerer to fartsdumpar om lag 50-100 meter i kvar ende av denne kommunale ringvegen. Nøyaktig plasseringa av dei to fartsdumpane må fagfolka i Lindås kommune avgjera, men ta gjerne kontakt med oss for synspunkt om ynskjeleg.

Desse to tiltaka me ber om no vert gjennomført er svært viktig i forhold til trafikktryggleiken i vårt bustadområdet, både for små og store. Alvermarka velforening ber om at dette arbeidet vert prioritert.

Med venleg helsing

Hans Kenneth Sundsbø
Leiar i Alvermarka velforening